

Kunnskapsdepartementet

Deres referanse

Vår referanse  
23/108-2

Vår dato  
14.06.2023

## Invitasjon til å gje innspel til profesjonsmeldinga

Vi viser til invitasjon til innspel datert 28.april 2023. Universitets- og høgskulerådet (UHR) har svart på spørsmåla etter beste evne, men ønskjer å vie særleg merksemd til følgjande punkt:

- Formålet med meldinga må vere å bidra til å utvikla dei utvalde profesjonsutdanningane, ikkje via detaljstyring, men ved å gi institusjonane tilfredsstillande rammevilkår til å kunna utvikle utdanningane i tråd med framtidige kompetansebehov og pågåande samfunnsendringar, jf. spørsmål nr. 2.
- Utfordringane med rekruttering må løysast i eit samspel mellom mange aktørar. Den demografiske utviklinga vil føre til lågare søkjartal i åra som kjem. Ungdomskulla blir mindre, og det er samtidig nødvendig med ei satsing på yrkesfagleg utdanning. UHR er usikre på kor stor «utdanningsreserven» faktisk er, dvs. potensielle søkjarar som har generell studiekompetanse (for ingeniørutdanningane må dei også dekkje spesielle opptakskrav), som kan rekrutterast inn i profesjonsutdanningane utan at det går ut over anna nødvendigutdanning. Tiltak for å auke rekrutteringa til profesjonsutdanningane må byggje på oppdatert kunnskap om potensialet. Samtidig må vi utnytte arbeidskrafta på ein betre måte.
- Praksis er ein ressurskrevjande læringsarena der ein bør prøve å optimalisere utbyttet for studentane. Ein må òg gå gjennom rammevilkåra for praksis, jf. spørsmål 23.
- Fokus på desentralisering må balanserast mot kvar folk faktisk bur (40 prosent av befolkninga er busett i dei 12 største kommunane), og at Noreg allereie har god geografisk spreining på høgare utdanningstilbod. Eit utdanningstilbod må ha ein kritisk masse av studentar for å kunne gjennomførast på ein god måte, og eit fagmiljø må ikkje blir for fragmentert. UHR meiner at vidare utvikling av fleksible studietilbod må fokusere på nettopp fleksibilitet og ikkje så mykje på geografisk plassering.

Så går vi over til å svara på spørsmål frå departementet.

## Generelt

### **1. I teksten over har vi trekt opp ein del utfordringar for profesjonsutdanningane. Er de samde i at dette er sentrale utfordringar? Kva vil de eventuelt trekkje fram for å supplere eller korrigere dette utfordringsbiletet?**

Departementet har ikkje definert profesjonsutdanning, men avgrensa meldinga til å gjelde studiar med rammeplan. Det finst fleire profesjonsutdanningar utan rammeplan, som kanskje har samanfallande utfordringar. Dei utvalde utdanningane er også veldig ulike, og har ulike utfordringar.

Internasjonalisering i utdanningane er ikkje nemnde. Profesjonsutdanningane har framleis potensiale til å auke talet som reiser på utveksling i løpet av studiet.

Det er behov for å avklare rollene mellom utdanning ved universitet og høgskular på den eine sida, og fagskular på den andre, særleg innan ingeniørutdanning. Bruken til fagskulane av nemninga fagskuleingeniør gjer det allereie vanskelegare for studiesøkjarar å orientera seg. Dersom fagskulane får høve til å tilby bachelorgrader, vil biletet bli enda meir komplisert både for søkjarar og arbeidsgivarar. Profesjonsutdanning innan ingeniørfag varetek både det akademiske og forskingsintensive kombinert med det praksisnære, utdanningsorienterte og arbeidslivsrelevante. Dette er ein eigenart som bør styrkast og gjerast enda meir synleg. Det er viktig for UHR å understreke at profesjonsutdanningane skal vere forskingsbaserte, og at det er behov for meir fokus på forskingsbasert utdanning, og meir forskning.

UHR vil påpeike at det samiske perspektivet manglar i utfordringsbiletet. Regjeringa la nyleg fram Stortingsmelding 13 (2022-2023) Samisk språk, kultur og samfunnsliv – kompetanse og rekruttering i barnehage, grunnsopplæring og høgare utdanning. Her blir det gitt ei god skildring av utfordringane med rekruttering til utdanning på alle nivå som er relevant når ein skal sjå nærare på rekruttering av samiskspråklege yrkesutøvarar til velferdssamfunnet. UHR oppmodar Kunnskapsdepartementet (KD) til å sjå til skildringane av utfordringane i denne meldinga og ta dei med i arbeidet med profesjonsmeldinga.

Manglande tilbod og andre barrierar for å velje samisk i barnehage, grunnskule og vidaregåande opplæring må fjernast for å auke rekrutteringa til profesjonsutdanningar på eller med samisk på universitet og høgskular.

Det må byggjast opp meir samisk språk- og kulturkompetanse, og ein må styrke det samiske innhaldet i utdanningane til dei som skal verke i det samiske samfunnet. Lærarutdanningane og dei helsefaglege utdanningane har krav til samisk innhald i studiane, uavhengig av kvar i landet kandidatane skal jobbe.

Det er stor mangel på profesjonsutøvarar med samisk språk- og kulturkompetanse. Auka rekruttering av personar til profesjonsyrka, som også har kompetanse i samisk språk, kultur og samfunn, blir ikkje oppnådd på kort sikt, men krev ressursar og langsiktig planlegging og prioriteringar.

Det er tre UH-institusjonar som har spesiell kompetanse på samiske språk og samisk innhald i profesjonsutdanningane. Denne kompetansen kan og bør delast. Samtidig er det viktig at alle UH-institusjonane som tilbyr profesjonsutdanningar har tilgang til nødvendige ressursar og kompetanse når det gjeld samisk språk og samisk innhald i studiane, eksternt eller internt.

Det er viktig med årleg oppstart av samiske studiar, sjølv om dei har få studentar. Samiske profesjonsstudiar står i ei særstilling, og UHR meiner utdanningane må gjennomførast trass i få søkjarar. Det må også tilbyast nødvendig etter- og vidareutdanning for dei som allereie er i dei aktuelle yrka. Utfordringa for universitet og høgskular er at det er få faglege tilsette og at det er svært kostbart å gjennomføre studietilbod med svært få studentar.

Innan helsefaga er det òg nokre fag som står i ei særstilling, ved at det berre finst eitt utdanningstilbod i landet. Dette gjeld tannteknikk og ortopediingeniør (Oslomet), optometri (USN) og audiologi (NTNU). Her blir autorisert helsepersonell utdanna, og utdanningsinstitusjonane tek nasjonalt ansvar. Dei har små og sårbare fagmiljø med få tilsette og få studentar, og er avhengige av dyr og avansert undervisnings- og forskingsinfrastruktur på laboratorium og verkstader.

## **2. Korleis kan universitet og høgskular utvikle utdanningane i tråd med framtidige kompetansebehov og samfunnsendringane vi trekk opp?**

UHR vil peike på fire hovudområde

1. Gode rammevilkår
2. Handlingsrom
3. Langtidsperspektiv
4. Samarbeid

UHR har både i innspel til Utsynsmeldinga<sup>12</sup> og til Kompetansebehovutvalet<sup>3</sup> peika på at universitet og høgskular er sentrale for å få til nødvendig omstilling til eit berekraftig velferdssamfunn og eit konkurransedyktig arbeidsliv. UH-institusjonane skal tilby grunnutdanningar, vidareutdanning og fleksible og desentraliserte studietilbod. UH-institusjonane er i dialog med alle samfunnssektorar, og samhandlar med arbeids- og samfunnsliv for å møte eit skiftande kompetansebehov.

Analysar av framtidig kompetansebehov må innrettast på kort, mellomlang og lang sikt. Likevel, framtidig kompetansebehov er vanskeleg å føresjå, og det må tenkjast breitt. Framtida treng tilsette med evne til kritisk refleksjon, analytiske evner og generiske ferdigheiter.

Kvalitet må alltid vere utgangspunkt for utdanningstilbodet og utdanningane skal vere forskingsbaserte. UH-institusjonane skal sikre at kunnskapen som blir stilt til rådvelde for samfunnet kan etterprøvast, er av god kvalitet og baserer seg på forskning. Dette gjeld òg for profesjonsutdanningane.

For å kunna bidra til den nødvendige omstillinga av samfunnet, må universiteta og høgskulane ha gode rammevilkår og tilstrekkeleg handlingsrom til å gjere faglege prioriteringar. Her viser vi til høyringsnotatet vårt til styringsmeldinga<sup>4</sup> der UHR var tilfreds med signala om ei meir overordna styring av sektoren. Den same intensjonen låg også til grunn for Kvalitetsreformen som vart innført i 2003 og bak Strukturmeldinga frå 2014. Balansen mellom politisk styring, institusjonelt sjølvstyre og fagleg autonomi vil alltid vera krevjande.

I innspelet vårt til Helsepersonellkommissjonen<sup>5</sup> kommenterer vi at ny organisering og oppgåvefordeling i tenestene må få konsekvensar for utdanning av helsepersonell. UH-institusjonane prøver å kome dette i møte gjennom utvikling av utdanningane i samarbeid med tenestene. Ikkje minst er institusjonane opptekne av korleis endringar i oppgåver påverkar behovet for kompetanse på høgare nivå, som master og ph.d. Endringane vil

<sup>1</sup> [https://www.uhr.no/innsyn.aspx?response=journalpost\\_detaljer&journalpostid=2021001903&Mid1=204](https://www.uhr.no/innsyn.aspx?response=journalpost_detaljer&journalpostid=2021001903&Mid1=204)

<sup>2</sup> <https://innsyn.acosssky.no/uhr/wfdocument.ashx?journalpostid=2021002733&dokid=49615&versjon=1&variant=A&>

<sup>3</sup> <https://innsyn.acosssky.no/uhr/wfdocument.ashx?journalpostid=2021002665&dokid=49494&versjon=1&variant=A&>

<sup>4</sup> <https://innsyn.acosssky.no/uhr/wfdocument.ashx?journalpostid=2021000383&dokid=45348&versjon=1&variant=A&>

<sup>5</sup> [https://www.uhr.no/innsyn.aspx?response=journalpost\\_detaljer&journalpostid=2021002777&scripturi=/innsyn.aspx&skin=infolink&Mid1=251&](https://www.uhr.no/innsyn.aspx?response=journalpost_detaljer&journalpostid=2021002777&scripturi=/innsyn.aspx&skin=infolink&Mid1=251&)

aktualisere spørsmål om nye innretningar med felles basis, tidlegare spesialisering og eventuelle nye/færre profesjonar. Det er likevel få insentiv i sektoren for tverrfaglegheit og samarbeid. RETHOS bidreg etter UHR sitt syn ikkje til meir tverrfagleg samarbeid, men snarare til å styrke profesjonane. Diskusjonane på dette området vil vere avhengig av kva som skjer med styringssystema.

Dersom kompetansebehova blir endra raskt, kan det vere utfordrande for universiteta og høgskulane å rekruttere tilsette som har den kompetansen som bedrifter og offentleg sektor etterspør.

## **Kvalitet**

### **3. Sikrar krava vi stiller til fagmiljø gjennom lov og forskrift kvalitet og relevans i profesjonsutdanningane, eller er dei til hinder for t.d. praksisretta utdanningar?**

Vi går ut frå at departementet i denne samanhengen meiner føresegnene til studietilsynsforskrifta om fagmiljø for akkreditering av studiar. UHR har i tidlegare samanhengar teke til orde for at det skal vere krav om robuste fagmiljø, og vi er opptekne av at dei tilsette skal ha forskingskompetanse.

Det går no føre seg eit arbeid med revidering av forskrifter for stillingar i universitets- og høgskulesektoren. Dersom denne prosessen har innverknad på krava til fagmiljø, må desse problemstillingane sjåast i samanheng.

### **4. Kva barrierar finst når det gjeld å tilsetje personar med fersk erfaring frå yrkesfeltet anten i delte eller heile faglege stillingar i profesjonsutdanningane? Kva kan byggje ned desse barrierane?**

I innspelet vårt til Helsepersonellkommissjonen uttalte UHR seg positivt om ein auka bruk av kombinerte stillingar mellom UH-institusjonane og helse- og omsorgstenestene. Det fungerer godt for medisinstudia, men det kan utnyttast betre for resten av helsefaga. Det kan vere nødvendig med ei større grad av institusjonalisering av slike ordningar, som tradisjonelt primært har basert seg på individuelt framforhandla bistillingar.

Ei arbeidsgruppe under UHR leverte i 2021 ei utgreiing om kombinerte stillingar i helse- og sosialfaga<sup>6</sup>. Også for lærarutdanningane er det ønskeleg med fleire delte stillingar. Dei pågåande prosessane rundt NOR-CAM (rettleiar for vurdering i akademiske karriereløp) og CoARA (Coalition for Advancing Research Assessment) kan opne for ein enklare veg inn og ut av praksisfeltet.

### **5. Er det utfordringar med å rekruttere personar med førstekompetanse til utdanningane og i tilfelle kvifor?**

Det er ei felles utfordring for fagområde med svak forskningstradisjon å rekruttere personar med førstekompetanse til utdanningane, hovudsakleg fordi det ikkje er så mange aktuelle kandidatar. Elles viser vi til innspel frå institusjonane.

---

<sup>6</sup> <https://www.uhr.no/f/p1/iddc04af-a3c9-4094-ab89-851323553692/sluttnotat-arbeidsgruppe-kombinerte-stillinger-uhr.pdf>

## **6. Kva skal til for å bygge sterke forskingsmiljø i profesjonsutdanningane. Kva er barrierane?**

I innspelet vårt til langtidsplanen for forskning og høgare utdanning<sup>7</sup> viser UHR til behovet for øyremerkte tiltak for å sikre rekruttering til førstestillingar og styrke forskingsgrunnlaget for utviklinga av profesjonane. Manglande forskingskompetanse vil ha negative konsekvensar for kvaliteten på profesjonsutdanningane. Vi spelte også inn at det burde leggjast meir vekt på kunnskapsbasert profesjonsutøving innanfor mellom anna lærarutdanningane og helsefaga. Langtidsplanen bør prioritere profesjonsretta forskning som er praksisnær, deltakarorientert, brukarinitiert og basert på samhandlings- og samarbeidsprosjekt.

## **7. Korleis kan koplinga mellom forskning og undervisning innan profesjonsfag bli betra?**

Forskningskompetansen i personalet på UH-institusjonane må styrkast, og forskingsperspektivet må integrerast betre i utdanningane. For å oppnå dette må ein framleis satse særleg på å byggje sterke forskingsmiljø, jf. over. Kompetanse om kunnskapsbasert praksis er viktig, og dessutan ei vidare satsing på forskarlinjer for fleire fagområde enn medisin.

## **8. Korleis påverkar rammeplanane kvalitet og gjennomføring i profesjonsutdanningane?**

UHR meiner at rammeplanane bør avskaffast, jf. innspelet vårt til styringsmeldinga i 2020.

UHR meiner det er viktig med samarbeid mellom utdanningsinstitusjonane og praksisfeltet, men det må ikkje vere tvil om at det er institusjonane som er ansvarlege for utdanningane. Vi har fleire profesjonsutdanningar som ikkje har rammeplan, men der arbeidslivet likevel stiller krav til ei spesifikk utdanning for visse jobbar (t.d. rettsvitenskap). Inntil for få år sidan fanst det heller ingen rammeplanar for medisin, odontologi og psykologistudia, utan at det har vorte oppfatta som utfordrande.

Rammeplanane for dei ulike profesjonsutdanningane er veldig ulike. Dei styrer læringsutbyttet med svært ulikt detaljeringsnivå, og i ei viss grad styrer dei også struktur (oppbygninga til utdanningane). For helse- og sosialfagutdanningane er òg retningslinjene som ligg på nivået under den felles rammeplanen forskriftsfesta, og desse fungerer som rammeplanar for enkeltutdanningane.

Dagens rammeplanar for helse- og sosialutdanningane (inkludert forskriftsfesta retningslinjer), og rammeplanane for lærarutdanningane gir institusjonane lite rom for utvikling av studieprogramma i samsvar med ny forskning, endringar i praksisfeltet og behov for lokal tilpassing.

For lærarutdanningane medfører den detaljerte reguleringa av strukturen i utdanningane at rammeplanane verkar konserverande for utdanningane, og forhindrar kvalitetsutvikling og tilpassing til regionale behov og aktualitet.

Samanfatta meiner UHR at institusjonane ville ha større spelerom til å utvikla kvalitativt gode utdanningar med god gjennomføring utan rammeplanar. Dersom det framleis skal vere rammeplanar for nokre utdanningar må desse avgrensast til å regulera læringsutbytte på eit overordna nivå.

---

<sup>7</sup> [https://www.uhr.no/innsyn.aspx?response=journalpost\\_detaljer&journalpostid=2021000804&Mid1=204](https://www.uhr.no/innsyn.aspx?response=journalpost_detaljer&journalpostid=2021000804&Mid1=204)

**9. Kva bidreg rammeplanane for ingeniørutdanningane med, og er det framleis behov for rammeplanar for ingeniørutdanningane? Dersom det er behov for rammeplanar, er det noko som bør endrast i dagens rammeplan for ingeniørutdanningane?**

UHR meiner at ingen studiar har behov for rammeplanar. Dersom ingeniørutdanningane framleis skal ha rammeplanar, bør desse halda fram med å vere på eit overordna nivå slik at utdanningane har ei stor grad av fleksibilitet og kan styrke eigenart i dei ulike utdanningane og ved dei enkelte institusjonane. Stor fleksibilitet er òg viktig for å sikre at utdanningane møter det ukjende behovet i framtida og møter krava til rask omstilling.

**10. Korleis fungerer samarbeidet mellom arbeidsliv og utdanning? Kva skal til for å få til godt samarbeid og kva barrierar finst det?**

Samarbeidet mellom arbeidsliv og utdanning skjer på mange ulike nivå. Vi overlèt til institusjonane å svare på korleis samarbeidet fungerer lokalt. På nasjonalt nivå er det fleire ulike forum for samarbeid, særleg for lærarutdanningane. I innspelet vårt til Helsepersonellkommissjonen viste vi til behovet for eit strategisk samarbeid på nasjonalt nivå mellom utdanningsinstitusjonane, helseføretaka og kommunesektoren. KD har inngått ein intensjonsavtale med partar i arbeidslivet, frivillig sektor og Universitets- og høgskulerådet. Avtalen skal synleggjere bidraget utdanningsinstitusjonane har til auka arbeidslivsrelevans i studiane og behovet for samarbeid med arbeidslivet. Det skal skapast møteplassar for erfaringsutveksling mellom utdanningsinstitusjonane og arbeidslivet/avtalepartane. Det skal gjennomførast ein undervegsevaluering av avtalen i løpet av hausten 2023

I praksistunge utdanningar er det nødvendig med eit godt samarbeid mellom utdanningsinstitusjonane og arbeidslivet. Praksis som ein del av utdanninga inneber ekstra kostnader for institusjonane, anten direkte eller indirekte. Det er derfor viktig med eit finansieringssystem som tek omsyn til dette.

UHR er òg opptekne av å styrke forskingskompetansen i praksisfeltet. Tilsette med forskingskompetanse kan bidra til utvikling av tenestene, og er viktige for at praksisfeltet tek i bruk resultatane frå forskning. UHR sette i 2021 ned ei arbeidsgruppe som utarbeidde ein rapport om styrking av forskingssamarbeid mellom UH- og kommunal sektor<sup>8</sup>.

For ein del utdanningar kan det vere nyttig med betre samarbeid om lokale og utstyr mellom utdanningar og praksisfeltet. Vi ser gode synergjar der utdanningar samlokalisert med lokalt arbeidsliv.

**11. Korleis fungerer dialogen mellom universitet og høgskular og arbeidsliv/samfunn, og er det tiltak som kan bidra til god dialog om kvalitet og relevans i utdanningane.**

Dialogen går føre seg på fleire nivå. Vi viser til institusjonane når det gjeld den lokale dialogen. På nasjonalt plan går det føre seg dialog i fleire forum, m.a. i Kompetansepolitisk råd.

**Kapasitet**

**12. I Utsynsmeldinga blir det fast slått at dimensjoneringa av utdanningssystemet skal bli meir i tråd med behovet i samfunnet. Det skal skje mellom anna gjennom at UH-sektoren prioriterer å auka talet på studieplassar innanfor område som er etterspurde av arbeidslivet og av dei utdanningssøkjande, og som er særleg viktige for Noreg: IKT, helse og utdanning som er nødvendig for det grønne skiftet. Korleis kan institusjonane arbeida for å sikra tilstrekkeleg kapasitet i profesjonsutdanningane?**

I arbeidet med Utsynsmeldinga vart det sett ned ei arbeidsgruppe med representantar frå UH-sektoren som såg på dimensjonerings spørsmålet<sup>9</sup>. Arbeidsgruppa skreiv m.a. følgjande:

<sup>8</sup> <https://innsyn.acosky.no/uhr/wfdocument.ashx?journalpostid=2021001307&dokid=47107&versjon=1&variant=A&>

<sup>9</sup> <https://www.regjeringen.no/contentassets/3a10b98ab5b94214bcf7b0919498a468/rapport-fra-arbeidsgruppen-om-dimensjonering-i-uh.pdf>

*Universiteter og høyskoler dimensjonerer sitt studietilbud basert på relativt omfattende prosesser som til slutt ender opp i at styret bestemmer endelig sammensetning av studieporteføljen. Erfaring viser at institusjonene i liten grad har flyttet ressurser mellom grunnenheter/fakulteter. Institusjonene har merket seg politiske signaler om strammere rammer og at dette krever enda sterkere fokus på faglig omstilling. Flere institusjoner har igangsatt arbeid for å få på plass mekanismer for en mer fleksibel og dynamisk utnytting av studiekapasiteten. Samtidig peker flere institusjoner på at det er stor usikkerhet ved prognoser og framskrivninger om fremtidige behov, og at denne usikkerheten gjør det krevende å ta langsiktige beslutninger om dimensjonering av studietilbud.*

*I styringsmeldingen står det at regjeringen vil utvikle et helhetlig analyse- og informasjonssystem om de nasjonale og regionale behovene for høyt utdannet arbeidskraft. Arbeidsgruppen mener tiltaket bør prioriteres for å sikre bedre beslutningsstøtte i tiden fremover. Styre og ledere ved universiteter og høyskoler trenger bedre kunnskap når beslutninger om opp- og nedbygging av fag og endringer i fagmiljøer skal tas.*

*Arbeidsgruppen støtter at den overordnede ansvarsdelingen for dimensjoneringen av høyere utdanning videreføres (jf. styringsmeldingen). Det innebærer at den enkelte institusjon tar ansvar for utvikling av sin studieportefølje i tråd med samfunnsutviklingen og endrede kompetansebehov. Departementet bør likevel tydeliggjøre ansvarsfordelingen mellom sentrale myndigheter og UH-institusjonene. For eksempel bør det avklares hvilke områder departementet vil finansiere særskilt – og hvilke forhold som forventes håndtert innenfor institusjonenes eksisterende rammebevilgning. Regjeringen har signalisert økte forventninger til omprioritering fra studieprogrammer med ledig kapasitet, til studier med for lav kapasitet, herunder også å flytte studieplasser mellom grunnenheter/fakulteter.*

*Stor grad av autonomi i dimensjonering tilsier at institusjonene selv har ansvar for å gjøre nødvendige omprioriteringer innenfor egen ramme for å løse sitt samfunnsoppdrag. Institusjonene må gjøre løpende vurderinger av framtidige kompetansebehov, både nasjonalt og regionalt, og vurdere hvordan egen kapasitet kan innrettes for å møte disse behovene.*

UHR deler oppfatninga til arbeidsgruppa av utfordringane. For utdanningar med stort innslag av praksis blir ikkje kapasiteten til utdanningane styrt av UH-institusjonane åleine, men òg av tilgang til kvalitativt gode praksisplassar. Vi viser til innspel frå institusjonane når det gjeld korleis desse spørsmåla bør handterast lokalt.

HK-dir har fått i oppdrag å utvikle eit kunnskapsgrunnlag for dimensjonering. UHR er opptekne av at eit slikt prosjekt blir gjennomført i tett dialog med sektoren.

### **13 Har dei døme på god dialog mellom universitet og høgskular og arbeidsliv for å sikra at kapasiteten er i tråd med behovet i arbeidslivet?**

Vi viser til innspel frå institusjonane.

### **14. Korleis kan me utnytta utdanningskapasiteten, og særleg ledig utdanningskapasitet, best mogleg?**

Det er ikkje nødvendigvis slik at det blir ledige ressursar av at færre studentar møter opp på ei utdanning. Ofte må alle emne likevel gjennomførast, og institusjonane får lågare resultatfinansiering. Vi viser elles til innspel frå institusjonane.

### **15. Kva er barrierane for å få til fleksibel og desentralisert utdanning?**



I høringsinnspellet vårt til NOU 2020:12 Distriktsnæringsutvalget og NOU 2020:15 Det handlar om Noreg støtta UHR målformuleringane om at det skal vere mogleg å bu i heile landet og ha tilgang til høgare utdanning. Mange av høgskulane er lokaliserte til mindre byar og tettstader, og fleire av institusjonane har fleire campusar. Det inneber at høgare utdanning i Noreg allereie er spreidd rundt i landet, og at høgare utdanning i Noreg i stor grad blir tilboden desentralisert. Fleire av universiteta og høgskulane bruker store summar på å drifte mindre og desentraliserte campus og på å leggje til rette for fleksible utdanningstilbod. Dette poengterte vi også i høringsinnspel til representantforslag 211S i april 2023<sup>10</sup>.

I den offentlege debatten kan det i nokre samanhengar høyrast ut som all høgare utdanning kan moduliserast i små einingar og tilbydast digitalt til alle studentar, uavhengig av forkunnskapar, ambisjonar, livssituasjon og alder. Universitet og høgskular skal utdanna og danna unge menneske som skal løysa nye, komplekse oppgåver i framtida.

UH-institusjonane skal tilby forskingsbasert utdanning som er fleksibel med tanke på omfang og opplegg, men i den vidare debatten bør det nyanseras meir om det er snakk om grunnutdanningar som blir tekne på heiltid og/eller deltid og kompetansepyll.

Ca. 40 prosent av befolkninga i Noreg bur i dei tolv største kommunane i landet<sup>11</sup>, og dei årlege søkjartala viser òg at studietilboda i dei største byane er mest populære, òg blant søkjarar frå andre stader i landet. Mange unge ønskjer å flytte heimanfrå for å studere. Ved opptaket til studieåret 2022/23 byrja ca. 50 prosent av dei nye studentane på ein institusjon utanfor deira eige heimfylke<sup>12</sup>. I 2023 er det lyst ut 38 ulike studietilbod i sjukepleie i Samordna opptak. Søkjargrunnlaget er likevel størst i dei større byane. Trass i generelt god søkning til sjukepleieutdanningane var det i 2022 ti studietilbod i sjukepleie som ikkje fylte studieplassane sine. Desse var anten desentraliserte eller knytt til ein campus i distrikta. Det er ei utfordring at når studietilboda i dei større byane får fleire studieplassar, går plassane ofte til søkjarar som har studietilbod i distrikta på lågare prioritet, og desse tilboda mistar dermed studentar.

Hovudutfordringa som må løysast er å gjere studietilboda i distrikta meir attraktive slik at dei tiltrekkjer seg nok søkjarar til å fylla plassane. Her må òg kommunar/distrikt med kompetansebehov bidra i rekrutteringsarbeidet. Det må vere føreseielegheit i studietilboda, slik at potensielle studentar som har behov for å kvalifisere seg for studiar har høve til å planleggje heile løpet.

Mange ingeniørutdanningar er utstyrsintensive, og det er kostbart å ha nødvendig utstyr tilgjengeleg fleire stader. Det er derfor nødvendig å gjennomføre t.d. samlingar på ein eksisterande campus.

UHR har i innspel til statsbudsjett 2024 uttalt at kapasiteten i vidareutdanningar, fleksible og desentraliserte tilbod må finansierast på same måte som andre utdanningstilbod, det vil seie med midlar til studieplassar. Finansieringa må dekkje kostnadene ved å utvikle og setje i verk slike tilbod, og vi minner om at det er meir kostbart å byggje opp studietilbod utanfor allereie etablerte studiestader. Det er heller ikkje mogleg å tilby heildigitale profesjonsutdanningar, all den tid det er mange ferdigheiter som skal lærast.

Samanfatta kan vi seia at UHR meiner at dagens studietilbod allereie er desentralisert, men at det stadig opnar seg moglegheiter for å gjera studiane meir fleksible. Vi må ha fleksible tilbod som svarer på kompetansebehovet til distrikta.

---

<sup>10</sup> <https://www.stortinget.no/no/Hva-skjer-pa-Stortinget/Horing/visning-av-skriftlig-innspill/?dnid=32054&h=10004856>

<sup>11</sup> <https://www.ssb.no/befolkning/faktaside/befolkningen>

<sup>12</sup> <https://www.samordnaopptak.no/info/om/sokertall/sluttstatistikker/sluttstatistikk-uhg-2022.pdf>



**16. Har dei gode døme på fleksible og desentraliserte utdanningstilbod i profesjonsutdanningar?**

Vi viser til innspel frå institusjonane.

**17. Kva må til for at fleire unge skal velje profesjonsutdanningar det er stor etterspurnad etter i arbeidslivet?**

Eit overordna spørsmål når det gjeld styring av utdanningane er høvet styresmaktene har til å styre studievalet til studentane og samle utdanningskapasitet innan ulike utdanningsområde.

Slik situasjonen er i dag er det utdanningane studentane sjølv vel som er økonomisk berekraftige, sjølv om dette ikkje samsvarer med samfunnsbehovet. Dette perspektivet bør også løftast med tanke på det framtidige behovet i samfunnet.

For mange av dei store helseprofesjonane og lærarutdanningane er interessa for utdanninga òg avhengig av t.d. arbeids- og lønnsvilkår, og korleis desse verkar. Rapporten *Å rekruttera og behalda lærarar i barnehage og skule – eit kunnskapsgrunnlag* som vart lagt fram av Kunnskapssenter for utdanning i august 2022 viser at lærarane sine arbeidsforhold er avgjerande for å behalda lærarar i yrket. Arbeidsforhold og opplevinga til lærarane av eigen arbeidskvardag påverkar omdømmet til læraryrket, som er heilt sentralt for rekruttering. Vi går ut frå at desse konklusjonane også er overførbare til andre profesjonsutdanningar.

Som det kjem fram av innspelet vårt til representantforslag 211S er det viktig for UHR at attraktiviteten til lærarutdanningane og statusen til læraryrket blir sett på dagsordenen. Rekrutteringa til lærarutdanningane har ikkje berre betydning for om Noreg i framtida har lærarar og tilsette i skule og barnehage med relevant utdanning, rekrutteringssituasjonen har òg innverknad på universitet og høgskulars føresetnad til å halde oppe studietilbod og drive kvalitetsutvikling av lærarutdanningane.

Rekruttering og omdømmet til yrket blir påverka av nyutdanna lærarars oppstart i yrket. UHR støttar tilråding i *NOU 2022: 13 Med vidare betydning — Et helhetlig system for kompetanse- og karriereutvikling i barnehage og skole*, om å sikre eit rettleiingsår for nyutdanna, nytilsette lærarar for å gjere overgangen frå utdanning til yrke betre. Moglegheita for eit rettleiingsår bør òg greiast ut for andre yrkesgrupper.

For lærarutdanningane ser ein ein liknande tendens med søkkande tal på søkjarar i heile Europa. Det blir viktig å følgje med på kva som skjer i Europa, ikkje minst i Sverige. Det kan òg vere grunn til å sjå på organiseringa av studiet, betre moglegheiter for innpassing av anna utdanning og stipendordningar.

Rekrutteringa til helse- og sosialfaga er generelt god, men her òg er det geografiske område og fagområde med utfordringar. Også for desse faga har arbeids- og lønnsvilkåra betydning i eit framtidig yrke betydning for utdanningsval. Både innan helse- og sosialfaga og lærarutdanningane er kjønnsfordelinga skeiv, og UHR meiner det er ei utfordring som må takast tak i lenge før søkjarane søker høgare utdanning.

Nokre utdanningar fører fram til yrke der det ikkje berre er karakterane frå vidaregåande opplæring som avgjer om dei blir gode yrkesutøvarar. UHR støtta forslaget frå opptaksutvalet om at institusjonar som ønskjer det, kan ta i bruk supplerande rangeringskriterium for å finne dei best eigna blant dei best kvalifiserte søkjarane.<sup>13</sup>

---

<sup>13</sup> [https://www.uhr.no/innsyn.aspx?response=journalpost\\_detaljer&journalpostid=2021002646&MId1=204](https://www.uhr.no/innsyn.aspx?response=journalpost_detaljer&journalpostid=2021002646&MId1=204)

Ingeniørutdanningane har òg skeiv kjønnsfordeling, men motsett av dei andre profesjonsutdanningane. For alle utdanningane vil det i åra som kjem vere nødvendig å rekruttera frå eit breiare lag av befolkninga, men vi har ei demografisk utfordring i mindre ungdomskull og store behov i mange sektorar. Alle profesjonsutdanningane vil vere svært viktige for å halde oppe velferdsstaten og lause dei store utfordringane i framtida. For ingeniørutdanningane er det ei spesifikk utfordring å få mange nok elevar til å velje realfag i vidaregåande opplæring for å kunna ha eit tilstrekkeleg søkjargrunnlag til utdanningane som krev programfag i realfag. For å vekke interessa for realfag er det nødvendig med tidleg innsats, og òg ei satsing på lærarstudentar som har realfag i fagkrinsen sin.

### **18 Korleis kan me mobilisera vaksne som har familie og økonomiske forpliktingar til å ta ei profesjonsutdanning?**

UHR vil tilrå å analysere den potensielle målgruppa nærare før ein bestemmer seg for rekrutteringstiltak.

Statistikk frå SSB viser at i aldersgruppa 30-39 år har ca. 50 prosent fullførte anten kort eller lang universitets- eller høgskuleutdanning<sup>14</sup>. Av dei som ikkje har UH-utdanning har ca. 25 prosent fullførte vidaregåande opplæring. Vi går ut frå at ein del av desse har yrkesfagleg utdanning og er i relevant jobb.

Det er viktig å prøve å mobilisere dei som står utanfor arbeidslivet, eller som jobbar i skular og helsetenestene utan profesjonsutdanning, men som ønskjer dette.

Det vil vere ulik tilnærming til desse gruppene. Mange som står utanfor arbeidslivet manglar fullført vidaregåande opplæring, og fullføringsreforma vil forhåpentleg gi eit tilbod til desse om å kvalifisere seg. Karakterkrava til lærarutdanning og sjukepleiarutdanning hindrar òg ein del motiverte søkjarar frå å ta desse utdanningane. UHR støtta forslaget frå opptaksutvalet om at det ikkje skulle kunne setjast nivåkrav for opptak til grunnutdanningar.

Personar som er i jobb og som ønskjer å formalisera kompetansen sin kan vere i målgruppa for ulike deltidstilbod på UH-institusjonane som gjer det mogleg å kombinere jobb og utdanning. Rammevilkåra i form av økonomiske støtteordningar frå anten arbeidsgivar eller Lånekassen må vere på plass for at dette skal vere mogleg.

### **19. Bør fleire av profesjonsutdanningane organisera arbeidsplassbaserte utdanningar, yveggar, tresemesterordning eller forkurs?**

I innspelet vårt til Helsepersonellkommisjonen støttar UHR kommisjonen i at den mest effektive måten å utdanne flest mogleg helsepersonell på er at helsefagarbeidarar i vidaregåande utdanning ikkje blir prioriterte for opptak til sjukepleiarutdanninga. Den føretrekte vegen inn i helsefaglege høgare utdanningar er via studieførebuande studieprogram i vidaregåande opplæring. Institusjonar som ønskjer å gjere forsøk med y-vei, tresemesterordning eller liknande bør likevel få lov til det. Det er òg i tråd med Opptaksutvalgets forslag i NOU 2022:17.

For studiar med rekrutteringsutfordringar kan slike ordningar fungere godt, og det bør vere fleksibilitet for institusjonane i moglegheitene for å leggje til rette studiar for ulike søkjargrupper.

### **20. Er C-krav til opptak til masterutdanning til hinder for å vidareutdanne helsepersonell med erfaring frå arbeidslivet?**

I dag er det opp til lærestadene å fastsetja karakterkrav for opptak til masterstudium, jf. mastergradsforskrifta § 2: *Styret (...) har også myndigheit til å fastsetja særlege faglege minstekrav.*

<sup>14</sup> <https://www.ssb.no/utdanning/utdanningsniva/statistikk/befolkningens-utdanningsniva>

I arbeidet med felles masteropptak har ei arbeidsgruppe<sup>15</sup> foreslått element til ei felles forskrift for opptak til master, og i samband med dette òg vurdert spørsmålet om det bør vere eit felles krav, eller om det bør forskriftsfestes at det ikkje skal vere karakterkrav ved opptak til master.

*En kartlegging av dagens praksis viser at de fleste lærestedene har karakterkrav for ett eller flere masterprogram, for eksempel B-krav eller varianter av C-krav. Beregningsgrunnlag og -metoder er imidlertid ulike, noe som gjør at betydningen av slike krav er forskjellige selv om de tilsynelatende virker like. For eksempel vil et C-krav kunne være dekket med gjennomsnitt på 2,5 eller bedre (vanlige avrundingsregler), eller være et absolutt C-krav med krav om minimum 3 i snitt.*

*Hvis det stilles krav til nivå som er høyere enn fullført bachelorgrad kan det undergrave det grunnleggende prinsippet om at bestått bachelorgrad gjør deg kvalifisert til masterstudier. Fagområder og studier med nok søkere vil sannsynligvis være mer positive til (høyere) karakterkrav enn de som ikke får fylt opp studieplassene, eller hvor det er behov i (lokalt) arbeidsliv som ikke er dekket. Dette kan variere mellom ulike læresteder i landet.*

*Det kan imidlertid være faglige grunner for å ha et karakterkrav i tillegg til krav om bachelorutdanning, og tilbakemeldingene fra lærestedene er at dette må kunne fastsettes lokalt også i et samordnet masteropptak. Et felles minstekrav til karakter for alle masterstudier anses derfor å være lite hensiktsmessig, og det bør være opp til hvert enkelt lærested å fastsette eventuelle karakterkrav basert på en faglig vurdering og begrunnelse.*

*For å sikre forutsigbarhet og gjennomskiktighet for søkerne bør det imidlertid innføres felles definisjoner av ulike karakterkrav (hva er et C-krav osv.) og en felles beregningsmetode. For å sikre at søkerne skal ha en reell mulighet til å selv beregne om de dekker kravet, og i tillegg øke muligheten for automatisk beregning av søknader, bør karakterkravet beregnes på grunnlag av hele bachelorutdanningen. Karakterkrav på enkelte emner eller emnegrupper vil øke kompleksiteten i opptaket, for både søkere og saksbehandlere.*

UHR støttar vurderingane til arbeidsgruppa, og viser elles til innspel frå institusjonane.

## **21. Brukar institusjonane høvet til å sikra lokal rekruttering ved bruk av kvotar i opptaket til vidareutdanning i helsefag? Kvifor/kvifor ikkje?**

Vi viser til innspel frå institusjonane

### **Praksis**

## **22. Korleis kan alle partar leggje til rette for at fleire får praksisen dei treng?**

Når vi omtaler praksis i denne samanhengen, meiner ein obligatorisk, rettleidd praksis i helse- og sosialutdanningane og lærarutdanningane. Praksis er ein viktig læringsarena. Finansiering og organisering av rettleidd praksis er i dag løyst ulikt for dei ulike profesjonsutdanningane. Når det gjeld ingeniørutdanningane har ikkje dei denne typen obligatorisk praksis, men dei har stort fokus på arbeidsrelevans i studiane.

Det er gjort mykje arbeid for å kartleggje praksisutfordringar tidlegare. UHR leverte i 2016 ein rapport om praksis i helse- og sosialfaglege utdanningar til KD<sup>16</sup>. Rapporten understrekar behovet for at departementa no bidreg med ein samordna innsats for å sikre meir heilskaplege og føreseielege rammevilkår for det sektor- og tenesteovergripande samarbeidet om rettleidd praksis. Det vil gjere det vesentleg lettare for universitets- og høgskuleinstitusjonane og samarbeidspartnarane i helse- og velferdstenestene å følgje opp

<sup>15</sup> [https://old.unit.no/sites/default/files/media/filer/2022/09/Rapport%20nasjonalt%20masteropptak\\_samlet.pdf](https://old.unit.no/sites/default/files/media/filer/2022/09/Rapport%20nasjonalt%20masteropptak_samlet.pdf)

<sup>16</sup> [https://www.uhr.no/f/p1/i0311e40a-4465-4a77-a3f3-565762627e15/2016-praksisprosjektet\\_sluttrapport.pdf](https://www.uhr.no/f/p1/i0311e40a-4465-4a77-a3f3-565762627e15/2016-praksisprosjektet_sluttrapport.pdf)

sitt lovpålagde ansvar for at det skjer ei tydeleg utvikling i samarbeidet mellom UH-sektor og tenestesektor. Dette gjeld ikkje berre samarbeid om kvalitetsutvikling i praksisstudiane, men òg om tenestekvalitet og kvalitet i praksisnær forskning og innovasjon.

Prosjektet stadfesta også behovet for eit mykje tydelegare og betre samarbeid i det daglege arbeidet mellom utdanningsinstitusjonar og praksisinstitusjonar, med god avklaring av rollene, ansvaret og ressursinnsatsen til partane. Dette blir òg spegla i tilrådingane for prosjektet, og dei viktigaste tiltaka her er:

- Formalisert rettleiingskompetanse hos praksisrettleiarane
- Betre integrasjon mellom teori og praksis i utdanningane
- Utstrakt bruk av kombinerte stillingar.

Dette vil òg bidra til auka status for utdanningsoppgåver i tenestene

NOKUT gjennomførte også prosjektet «operasjon praksis» i perioden 2018-2020.<sup>17</sup>

Eit gjensidig samarbeid om praksis vil gagne alle partar. Dei som tilbyr gode praksisplassar vil sikre at nyutdanna er godt kvalifisert når dei kjem ut i jobb.

### **23. Lærestadane og arbeidslivet er avgjerande for kvaliteten i praksisopplæringa. Kan regjeringa likevel gjere meir for at alle studentar får praksisopplæring av god kvalitet, både når det gjeld førebuingane til praksis og rettleiing og fagleg oppfølging av praksisen?**

Praksis er ein ressurskrevjande læringsarena, og utover direkte praksiskostnader som kjem t.d. i lærarutdanningane, bruker institusjonane mykje ressursar på administrativt arbeid og fagleg oppfølging knytt til praksis. Det er nødvendig å sjå på rammevilkåra knytt til praksisstudium for alle profesjonsutdanningane. UHR registrerer at det er ulik finansiering for praksis for lærarutdanningane og for dei helse- og sosialfaglege utdanningane, og at det er nødvendig med ein nærare analyse av denne situasjonen. Det er mellom anna nødvendig å sjå på korleis praksis er integrert i studiane med/utan studiepoeng, og kva konsekvensar dette har både for finansiering og arbeidsbelastninga til studentane. Ein slik analyse vil òg vere nødvendig ved eventuell innføring av praksis for ingeniørutdanningane.

Studentane si eiga finansiering av praksisstudiane er òg ulik, og det bør utviklast støtteordningar som dekkjer meirutgiftene til studentane til praksis. Det bør utarbeidast ei permanent ordning der støtte til bu- og reiseutgifter er føreseieleg for studentane, og det blir lik praksis mellom institusjonar og utdanningar.

Bortfall av rammeplanar, eller meir overordna rammeplanar, vil òg gi utdanningane betre moglegheiter for å forbetre praksis som læringsarena, slik UHR mellom anna tok opp i høyringsfråseigna vår til representantforslag 21S om meir variert praksis.<sup>18</sup> I dag er det til dømes regulert i rammeplanane for grunnskulelærarutdanningane kor mange dagar som skal gjennomførast i dei ulike studieårene og på kva trinn i skulen desse skal gjennomførast. Meir variasjon i praksis, og anna innhald i lærarutdanningane, er avhengig av at universitet og høgskular blir gitt meir fleksibilitet slik at det blir lettare å leggje opp meir varierte studieløp.

I innspelet vårt til Helsepersonellkommissjonen viste UHR til at kapasiteten i m.a. sjukepleieutdanninga blir avgrensa av tilgang på praksisplassar. Kommisjonen foreslår at kommunane får eit auka ansvar for undervisnings- og rettleiingsoppgåver, og at finansieringa av dette må sikrast. Dette har vore ein viktig prioritering for UHR i fleire år, og vi ser at det blir endå viktigare framover. Her vil vi òg vise til Hurdalsplattforma, der regjeringa vil forplikte kommunane til å stille med praksisplassar.

<sup>17</sup> <https://www.nokut.no/utdanningskvalitet/prosjekter-i-nokut/operasjon-praksis-20182020/>

<sup>18</sup> <https://www.stortinget.no/no/Hva-skjer-pa-Stortinget/Horing/visning-av-skriftlig-innspill/?dnid=29660&h=10004699>

UHR støtta òg representantforslag 165S<sup>19</sup> og påpeike at det må setjast fart og kraft i arbeidet med å få justert kravet frå EU-direktivet om praksis i sjukepleiarutdanningane. Der det er formålstenleg bør praksis òg kunna erstattast av simulering.

#### **24. Korleis kan utdanningane førebu studentane på eit yrkesliv der dei er forventa å samarbeida med andre profesjonar?**

I innspelet vårt til Helsepersonellkommissjonen påpeika UHR at det blir jobba mykje med tverrfaglege perspektiv og kunnskap om kompetansen i dei ulike gruppene av personell på UH-institusjonane i dag, men vi er samde med kommissjonen i at det er potensial for meir samarbeid.

Alle studieprogram i høgare utdanning tek utgangspunkt i det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket<sup>20</sup> der det å planleggje og gjennomføre varierte arbeidsoppgåver og prosjekt som strekkjer seg over tid, åleine og som deltakar i ei gruppe, er ein av fem punkt under «generell kompetanse» på bachelornivå.

I dei nasjonale retningslinjene for ingeniørutdanning<sup>21</sup>, som er utarbeidd av UHR, blir det stilt krav til ein ingeniørs kunnskapar til å formidla teknologisk kunnskap, skriftleg og munnleg, på arbeidsplassen sin, i dialog med brukarar og kundar, både nasjonalt og internasjonalt og det er ønskjeleg at ingeniørar skal delta i den pågåande samfunnsdebatten. Dei løysingane ingeniørane arbeider med inngår oftast i ein større heilskap eller eit system. Å arbeide med basis i sitt fagområde, men i ein tverrfagleg kontekst, er vanleg i ingeniørfagleg virke. Det finst mange døme på tverrprofesjonell samarbeidslæring, og vi viser her til innspel frå institusjonane.

#### **25. Kva kan motivera til å ta imot fleire praksisstudentar og byggje ut samarbeidet om utdanning?**

UHR viser til innspel frå praksisstadene.

#### **26. Er strukturen på praksis og mengda med praksis innan lærarutdanningane rett eller bør praksisperiodane vere lengre og slik gi høve til eit djupare innblikk i livet på ein skula eller barnehage?**

Kvalitet i praksis handlar mindre om lengd på praksis, og meir om korleis praksis fungerer som læringsarena og korleis rammevilkår for praksis (til dømes finansiering, styring, ansvarsfordeling og samarbeid om praksisopplæringa) legg til rette for god praksisopplæring i lærarutdanningane.

UHR ønskjer ikkje meir praksis (kvantitativt), men endå betre kvalitet i praksisopplæringa. Det bør vere opp til kvar enkelt institusjon å styre lengda på praksisperiodane (innanfor ei overordna norm om det samla talet praksisdagar) slik at dei kan tilpassast til samarbeidet med praksisfeltet og undervisningsopplegg i dei enkelte faga. I dag er organiseringa av praksisperiodar svært krevjande. Meir fleksibilitet i gjennomføring av praksis er avgjerande for å kunna få til lengre og meir samanhengande praksisperiodar. Då er det nødvendig at krav til praksis i rammeplanane, som regulerer fordeling av praksis på talet på år i utdanningane og nivå/trinn i skule og barnehage, blir fjerna.

## **Mangfald**

---

<sup>19</sup> <https://www.stortinget.no/no/Hva-skjer-pa-Stortinget/Horing/visning-av-skriftlig-innspill/?dnid=31682&h=10004827>

<sup>20</sup> [https://www.nokut.no/siteassets/nkr/250414\\_nasjonalt\\_kvalifikasjonsrammeverk\\_for\\_livslang\\_laring\\_nkr.pdf](https://www.nokut.no/siteassets/nkr/250414_nasjonalt_kvalifikasjonsrammeverk_for_livslang_laring_nkr.pdf)

<sup>21</sup> <https://www.uhr.no/f/p1/i/3f80bc0d-b1b6-4334-bf25-7571488e9612/nasjonale-retningslinjer-for-ingeniørutdanning-vilkar-for-siving-vedtatt-nov-2022.pdf>

**27. Har dei gjennomført tiltak for å auka mangfaldet i profesjonsutdanningane? Korleis har eventuelle tiltak verkt?**

UHR viser til innspel frå institusjonane.

**28. Kva verkemiddel kan me bruka for at profesjonsutdanningane tiltrekkjer seg studentar frå begge kjønn og ulike føresetnader og bakgrunnar? Kva bør rolla til offentlege styresmakter vere i dette arbeidet?**

Innføring av studieavgift for søkjarar utanfor EU/EØS bidreg til mindre mangfald.

Kjønnsubalanse er ei utfordring som må løysast lenge før elevar skal velje høgare utdanning. Grunnlaget blir lagt i barnehagen og grunnopplæringa, og det er der det bør setjast inn tiltak. Vi har ògkanskje noko å lære av nabolanda våre når det gjeld rekruttering og ivaretaking av studentar med ulike føresetnader og bakgrunnar.

UHR er opptekne av studentane skal lykkast, og språk er viktig for å lykkast i høgare utdanning. Vi viser i samband med dette til brevet vårt av 2. mars 2023 om norskkrav ved opptak til høgare utdanning<sup>22</sup>.

Vennleg helsing

Sunniva Whittaker  
styreleiar

Nina Sandberg  
generalsekretær

Dette dokumentet er godkjent elektronisk ved UHR

---

<sup>22</sup> [https://innsyn.acosky.no/uhr/wfinnsyn.ashx?response=journalpost\\_detaljer&journalpostid=2021002636&](https://innsyn.acosky.no/uhr/wfinnsyn.ashx?response=journalpost_detaljer&journalpostid=2021002636&)